



ALVER
KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Inger Karin Hagesæter
GALTENESVEGEN 44
5918 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/11357 - 22/15559

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
madeleine.fonnes.aase@alver.kommune.no

Dato:
04.03.2022

Avvisning av klage - gbnr 323/288 Frekhaug

Administrativt vedtak:	Saknr: 210/22	
Tiltak:	vinterhage	
Byggjestad:	Gbnr: 23/288	Frekhaug
Tiltakshavar:	Audun Sverre Håland	

VEDTAK

Klage datert 02.05.2021 vert avvist med heimel i fvl 33, då klagen er sett fram etter at klagefristen i fvl § 29 er gått ut og det ikkje er grunnlag for å gje oppreising for oversitta klagefrist etter fvl § 31. Klagen kan ikkje realitetshandsamast då klagen er sett fram meir enn eit år etter at vedtaket vart fatta, jf. Fvl. § 31 3. ledd.

Alver kommune viser til klage datert 02.05.2021 på vedtak datert 10.05.2013 om søknad om oppføring av vinterhage, saksnr. 192/13.

Det er klaga på manglande nabovarsling. Ut i frå kommunens arkiv finn kommunen at det er tilstrekkeleg nabovarsla til eigedom gbnr. 323/280. I nabovarsel går det fram at det er gjeven samtykke til tiltaket av heimelshavar 05.03.2013. Kvittering for nabovarsel er mottatt Meland kommune 23.04.2013.

I vedtak med saksnr. 192/13 går det fram at tiltaket er nabovarsla 23.04.2013, og at det ikkje er mottatt merknader til varselet. Vidare går det fram at nabovarselet er rekna som tilstrekkeleg og at det ikkje er naudsynt med ytterlegare varsling i saka.

Vurdering

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 28 1.ledd at

«enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl § 33 2.ledd står det at

«Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

Oversitta klagefrist

Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket er kome frem til parten, eller frå det tidspunktet parten fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningsloven § 29.

Meland kommune sitt vedtak er datert 10.05.2013. Klagefristen er 3 veker og gjekk ut den 31.05.2013.

Klagefristen er oversitta med 7 år og 11 månader. Klagen er ikkje rettidig.

Er klagen sett fram meir ein eitt år etter at vedtaket er fatta, kan ikkje klagen realitetshandsamast, jf. fvl § 31 3.ledd. Ettersom det i din skal har gått meir enn eitt år, kan ikkje kommunen handsamast. Klagen må da avvistast.

GENERELL INFORMASJON

Du kan klage på dette vedtaket

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Inger Karin Hagesæter

GALTENESVEGEN 5918

Frækhaug

Mottakarar:

44